

KOMMISJONSFORORDNING (EF) NR. 68/2003

2005/EØS/58/44

av 16. januar 2003

om bruken av opplysningar frå andre kjelder enn statistiske granskingar, og om fristane for oversending av resultatane av granskingane av strukturen til driftseiningar i landbruket i 2003(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 571/88 av 29. februar 1988 om tilrettelegging av Fellesskapets undersøkelser om strukturen til driftsenheter i jordbruket⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 143/2002⁽²⁾, særleg artikkel 8 nr. 2 og nr. 5 i vedlegg II, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I samsvar med artikkel 8 nr. 2 i rådsforordning (EØF) nr. 571/88 har nokre medlemsstatar for visse kjenneteikn bede Kommisjonen om løyve til å nytte opplysningar som alt er tilgjengelege frå andre kjelder enn statistiske granskingar.
- 2) Resultata frå granskingane av strukturen er svært viktige for den felles landbrukspolitikken. Opplysningane må halde høg kvalitet, og difor kan bruken av data frå andre kjelder enn statistiske granskingar berre godtakast dersom dei er like pålitelege som data frå statistiske granskingar.
- 3) Fristane for innsending av individuelle data frå granskingane i 2003 om strukturen til driftseiningar i landbruket skal fastsetjast av Kommisjonen, samstundes som det vert teke omsyn til at tidsplanen for gjennomføringa av granskingsarbeidet varierer mellom dei ulike medlemsstatane.
- 4) Ettersom resultatane av strukturgranskingane er svært viktige for den felles landbrukspolitikken og det er ein aukande etterspurnad etter ajourførte data, bør data frå granskingane handsamast og sendast over til Kommisjonen (Eurostat) så snøgt som råd.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 16. januar 2003.

- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for landbruksstatistikk —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

1. Danmark, Tyskland, Nederland, Austerrike, Sverige og Det sameinte kongeriket har løyve til å nytte opplysningar som alt er tilgjengelege frå andre kjelder enn statistiske granskingar med omsyn til granskingane av strukturen til driftseiningar i landbruket i 2003. Dei kjeldene som skal nyttast, er førde opp i vedlegg I til denne forordninga.

2. Dei medlemsstatane som er nemnde i nr. 1, skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at desse opplysningane har minst like høg kvalitet som opplysningar som kjem frå statistiske granskingar.

Artikkel 2

Medlemsstatane skal innan dei fristane som er fastsette i vedlegg II, sende inn validerte individuelle data frå granskingane av strukturen til driftseiningar i landbruket i 2003.

Artikkel 3

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter etter at ho er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

For Kommisjonen

Franz FISCHLER

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 12 av 17.1.2003, s. 5, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 161/2003 av 7. november 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 7 av 12.2.2004, s. 41.

(¹) TEF L 56 av 2.3.1988, s. 1.

(²) TEF L 24 av 26.1.2002, s. 16.

VEDLEGG I

Andre kjelder enn statistiske granskingar som kan nyttast i granskingane av strukturen til driftseiningar i landbruket i 2003:

| | |
|-------------------------|--|
| Danmark | Integrert forvaltings- og kontrollsystem |
| Tyskland | Integrert forvaltings- og kontrollsystem |
| Nederland | Integrert forvaltings- og kontrollsystem Nasjonalt landbruksregister ⁽¹⁾ |
| Austerrike | Integrert forvaltings- og kontrollsystem System for identifisering og registrering av storfe |
| Sverige | Integrert forvaltings- og kontrollsystem System for identifisering og registrering av storfe |
| Det sameinte kongeriket | Integrert forvaltings- og kontrollsystem System for identifisering og registrering av storfe Register for økologisk landbruk |

⁽¹⁾ Skipa i samsvar med nasjonal lovgjeving.

Det integrerte forvaltings- og kontrollsystemet er skipa i samsvar med rådsforordning (EØF) nr. 3508/92⁽²⁾ og kommisjonsforordning (EØF) nr. 3887/92⁽³⁾.

Det sentrale registeret for storfe er skipa i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1760/2000⁽⁴⁾.

Registeret for økologisk landbruk er skipa i samsvar med rådsforordning (EØF) nr. 2092/91⁽⁵⁾.

⁽²⁾ TEF L 355 av 5.12.1992, s. 1.

⁽³⁾ TEF L 391 av 31.12.1992, s. 36.

⁽⁴⁾ TEF L 204 av 11.8.2000, s. 1.

⁽⁵⁾ TEF L 198 av 22.7.1991, s. 1.

VEDLEGG II

Fristar for innsending til Eurostat av validerte individuelle data frå granskingane:

| Medlemsstat | Granskingsperiode | Frist |
|-------------------------|----------------------------|------------|
| Belgia | Mai 2003 | 31.8.2004 |
| Danmark | Mai 2003 | 31.8.2004 |
| Tyskland | Mai-juni 2003 | 31.12.2004 |
| Hellas | November-desember 2003 | 31.12.2004 |
| Spania | Oktober-desember 2003 | 31.12.2004 |
| Frankrike | Oktober-desember 2003 | 31.12.2004 |
| Irland | Juni-august 2003 | 31.8.2004 |
| Italia | Oktober-desember 2003 | 31.12.2004 |
| Luxembourg | Mai-juni 2003 | 31.8.2004 |
| Nederland | Mai-juni 2003 | 31.8.2004 |
| Austerrike | Desember 2003 | 31.12.2004 |
| Portugal | November 2003-februar 2004 | 31.12.2004 |
| Finland | Mai og november 2003 | 31.8.2004 |
| Sverige | Juni 2003 | 31.8.2004 |
| Det sameinte kongeriket | Februar-oktober 2003 | 31.8.2004 |